

Bergens Tidende

Sivilombodsmannen
Boks 3 Sentrum
0101 Oslo

Oslo, 14.02.08

Klage over manglende journalføring i sentralforvaltninga

Under arbeid med saka om tilsetting av nytt barneombod er eg blitt merksam på at Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) ikkje journalfører søknadar og andre dokument i tilsettingssaker, i det offentlege postjournalen.

Dette er i strid med instruks frå Riksarkivaren, seinast formulert i vedtak av 3. juli 2007. Instruksen fylgjer vedlagd.

Departementet opplyser at alle dokument i tilsettingssaker blir haldne utanom postjournalen og registrert for seg.

Eg har bede om innsyn i dette registeret som vil vere ei dokumentliste.

Departementet har hittil nekta å gje innsyn i dokumentlista som viser oversyn over dokumenta i tilsettingssaka.

Etter mitt skjøn har departementet ikkje lovheimel til å halde dokumenta i tilsettingssaker utanom postjournalen. Departementet har heller ikkje, slik eg ser det, rett til å nekte innsyn i dokumentlista.

Eg bed om at ombodsmannen tek denne saka under behandling.

Under arbeidet med denne saka er eg blitt orientert om at fleire departement, mellom dei Justisdepartementet, fylgjer same praksis som BLD.

Sidan dette ser ut til å vere utbreidd ynskjer eg at ombodsmannen undersøker denne saka i full breidde dersom ombodsmannen først kjem til at eg har rett i at dette er ein ulovleg praksis.

Med helsing


Vidar Ystad